

ÅRSMELDING

ACTA BARN OG UNGE I NORMISJON

SOGN OG FJORDANE

2021



1 - Årets gleder

Årets gleder for Acta Sof var at vi denne sommaren, endeleg kunne starte opp leirtilbodet vårt igjen. Det vart to leirar på Fjordly på sommaren, og tre leirar på hausten. Det er så viktig å få samlast til fellesskap for born og unge! Og vi ser igjen og igjen at leir er viktig, ikkje bare for fellesskapet, men og for enkeltmenneska!



2 - Årets utfordring

Pandemi og utfordringane rundt det prega sjølvstøtt også 2021. Men i tillegg har vi meir enn tidlegare merka at mange av leiarane våre har flytta vekk, starta på småbarnslivet, eller av andre grunnar har vore forhindra å delta på leir. Dette har ført til utfordringar med å få nok leiarar til leirane våre, og vi treng i tida framover å finne strategiar for å jobbe aktivt med rekruttering av leiarar til leir. Vi treng særskilt leiarar i aldersgruppa 18+ som kan vere med som trygge vaksne, og som kan vere med å drive leiartrening for alle ungdomsleiarane våre.

3 - Rapportering av talmateriale

3.1 - Lokalt arbeid i Acta 2020

Støtteordninga gjer at årsrapportar blir godkjent på hausten, så der ligg statistikken eit år bak.

Lokallag totalt 2020: 20 (24) lokallag og 2 (2) barnehagar er tilslutta Acta pr 31/12-2020.

Tal på lokallag med godkjent årsrapport for 2020: 13 (2019: 20)

Tal på aktive lokallag utan godkjent årsrapport 2020: 7 (2019: 4)

Tal godkjente medlemmer i lokallaga (har betalt medlemskont. 2020: 191 (2019: 401))

Tal medlemmer totalt i 2020: 481 (2019: 533)

Det er svært kjekt å komme på lagsbesøk, men dessverre vart det få av desse i 2021. Mange lag har lagt nede under pandemien, men vi vonar det blir mange høver til besøk og ny start i 2022. Det er fantastisk å sjå trufaste leiarar som står på år etter år. Vi i Acta-styret takkar for arbeidet og vil inspirere til ny teneste!

Fordeling pr. kategori

7 (6)	Barnelag
10(13)	Barnekor/Soul Children
2 (5)	Ungdomslag
0 (0)	Familielag
1 (1)	Regional leirklubb
2 (2)	Barnehagar



Fordeling pr. område

1 6(1 8) Nordfjord
1 (2) Sunnfjord
2 (3) Sogn
1 (1) Regional

3.2 - Regionalt arbeid i Acta

Leirarbeidet

Totalt arrangement: 8 (1 3)

Totalt avlyste leirar: 3 (1)

(Antallet totalarrangement er lavt pga at vi pga covid og mangel på stab ikkje hadde planlagt arrangement våren 21.)

Totalt tal på deltakarar: 1 92 (79) (pga begrensa kapasitet grunna covid var totalantallet påmeldte noko høgare. dvs ca 230 inkl dei som stod på venteliste.)

Totalt tal på leiarar: 45 (1 9)

Medlemmar i leirklubb: 1 12 (62)

Talmateriale fordelt på leirstadar:

STAD	ARRANGEMENT	TAL PÅ DELTAKARAR
Fjordly ungdomssenter	6 (2) leirar for barn- og ungdom (1 vart avlyst)	1 92 (79)
Teigen leirstad	2 (0) leirar for barn og ungdom. (begge vart avlyst)	0 (0)
Totalt	5 (2) Arrangement	1 92 (79)



4 - Økonomi

Acta Sogn & Fjordane har felles økonomi med Normisjon Sogn & Fjordane og årsrekneskapen der syner eit underskot på 231 310,-. Underskotet kan i stor grad forklaras med mangel på arrangement som basar, julemesser, leir mm. I tillegg til at våren også bar preg av mangel på stab.

Tusen takk til alle som støttar Acta med fast gjevarteneste og andre gåver!

5 - Acta-styret sin kommentar

Acta-styret hadde i 2021 3 møter og handsama 16 saker. Det var ingen møter våren 21 pga at actaleiar var i permisjon og arbeidet i stor grad låg nede. Det vart valt nytt styre på årsmøte i oktober. Dei snakka saman digitalt ved nokre høver for å halde kontakten. Og hadde eit fellesmøte med regionstyret i desember, i tillegg til å handsame enkeltsaker sporadisk på mail og teams ved behov.

6 - Styre og tilsette

Frå årsmøte var Acta-styret samansett slik:

Leiar:	Johan Olav Nyberg	2021-2022
Nestleiar:	Ingrid Lade	2020-2022
Styremedlem:	Håkon Stave	2021-2023
Styremedlem:	Elisabeth Osdal	2021-2022
Styremedlem:	Henriette Restad Kvalheim	2021-2023
Styremedlem:	Berit Leirgul	2020-2022

Vara-medlem: Benjamin Hoddevik, Lillian Prestvik, Rune Tøsse 2021-2022
RS-representant: Elida Østergård Bruland

Tilsette

Stine Hopland actaleiar 100% [mammapermisjon frå 23.juni.2020- 28.april 21]
Maria Tøsse Ungdomskonsulent 20% [slutta i stillinga 01.03.2021]
Sommarteam: Frida Bjørnereim, Sofia Hyttedalen, Jenny Leirgul, Sondre Knardal, Sverre Knardal

Takk

Takk til Gud som ved sin heilage Ande leiar oss fram dag for dag, gjev visdom og håp, og leiar oss til born og unge som vi får dele «grensesprengande fellesskap» med.

Takk til deg som er frivillig, anten det er i lag, på leir eller i støttefunksjon. Takk til deg som oppmuntrar leiarane våre, og takk til deg som er medvandrar! Du er verdifull!

Takk til deg som ber for arbeidet vårt. Forbøn for arbeidarar og arrangement dannar grunnlaget for alt vårt arbeid. Utan at Gud er med i arbeidet vårt klarar vi ikkje å nå målet om Jesus-tilbedande og grensesprengande fellesskap!

Takk til deg som investerer i arbeidet økonomisk. Utan støtte kunne vi ikkje ha auka satsinga for born og unge i regionen, og utan støtte hadde ikkje dei tilsette kunne ha hovudfokus på å spreie ordet om Jesus, nåde, og evig liv!

Vi ser at Gud jobbar i Sogn og Fjordane, og vi ser at vi får lov å vere med på store ting. Ver med i arbeidet vidare, vi trur at Gud fortsatt har store planar for Sogn og Fjordane

Johan Olav Nyberg
Styreleiar

Stine Lillebø Hopland
Acta-leiar

